



Dato: 06.10.2017

**Høring om rapport om fremtidig organisering og kvalitetssikring av forskerutdanningen ved UiB, Sak 2017/10495.**

SVT har ansvar for å gjennomføre den vitenskapsteoretiske opplæringa i forskarutdanningane ved Universitetet i Bergen i samarbeid med fakulteta (jf. Reglementet for SVT/universitetsstyresak 2006/2238). Dette gjer SVT til høyringsinstans i saker som gjeld organisering og kvalitetssikring av forskarutdanninga ved UiB.

Høyringstilsvaret frå SVT fell i 2 punkt.

1. Rapporten konkluderer med at UiB har eit reelt fungerande kvalitetssikringssystem ved alle fakulteta, noko som også var NOKUTs konklusjon etter tilsynet i 2013. Fakulteta argumenterte overfor NOKUTs tilsynskomite for at 3. syklus krev fleksibel og fakultetstilpassa kvalitetssikring, noko dagens regelverk ved UiB gjev høve til. Dette var det gehør for i komiteen, noko som også kjem fram i tilsynsrapporten. Det er SVT si oppfatning at det ikkje finst reelle manglar ved dagens system som kan grunnkje omfattande endringar. Dersom endringar er nødvendig av formelle grunnar bør desse gjennomførast utan at den nødvendige fleksibiliteten i dagens system vert skadelidande, og utan ressurskrevande tillegg i form av nye styre/utvalg/stillingar.
2. Ei eventuell omlegging av kvalitetssikringa for 3. syklus der formelt og operasjonelt ansvar vert samla på fakultetsnivå, inneber ein fare for at fakultetsovergripande tverrgåande kalibrering av forskarutdanningane, og tverrfagleg forskning og forskarutdanning på tvers av fakulteta vert svekka. Dette ansvaret bør etter SVTs meining framleis forankrast ved UiB sentralt. SVT vil, med sitt interfakultære ansvar for vitenskapsteori og etikk i opplæringsprogrammet og elles i organisasjonen, halde fram med å spele ei aktiv og konstruktiv rolle i kvalitetssikringa av forskarutdanningane ved Universitetet i Bergen.

Med venleg helsing

Senter for vitenskapsteori

Professor Torjus Midtgarden

